

PROTOKOLL**Representantskapet Region Nordhordland Helsehus IKS****Møte: 2-2018****Tid: Fredag 7. desember 2018 kl. 11:00 - 12:00****Stad: Meland rådhus****Til stades:**

Ordfører:	Per Lerøy (Austrheim), Stian Herøy (Fedje), Hallvard Oppedal (Gulen), Nina Bognøy (Lindås), Nils Marton Aadland (Meland), Tom Kristin Thorsen (Modalen) Jarle Skeidsvoll (Osterøy), Jostein Borlaug (Radøy)
Rådmenn:	Svein Helge Hofslundsengen
Styret RNHI:	Håkon Matre
RNHI:	Rune Heradstveit
Forfall:	Karstein Totland, Astrid Aarhus Byrknes, Øyvind Oddekalv, Jon Askeland

Sak 8/18	Godkjenning møteinnkalling og sakliste Samrøystes vedtak: Møteinnkalling og sakliste vart godkjent.
Sak 9/18	Val av to representantar i tillegg til møteleiar for underskriving av protokoll Nestleiar i Representantskapet Per Lerøy leiar møtet då leiar Karstein Totland har forfall. Samrøystes vedtak: Nina Bognøy og Stian Herøy vart valt til å skriva under protokoll i tillegg til leiar.
Sak 10/18	Godkjenning møteprotokoll Representantskap 1-2018 Samrøystes vedtak: Møteprotokoll frå Representantskap 1-2018 vart godkjent utan merknadar.
Sak 11/18	Orientering om status for prosjektet (vedlegg) Styreleiar Håkon Matre og dagleg leiar Rune Heradstveit orienterte om status for helsehusprosjektet. Totalentreprenør som er Consto AS har i haust førebudd oppstart av byggjeprojektet. Bygningar vart rive / sanert i november, og graving / grunnarbeid starta på tomte denne veka. Prosjektet er i rute iht. den kontrakten byggherre har med Consto AS. Sjå elles vedlegg. Samrøystes vedtak: Representantskapet tar orienteringa til vitande.
Sak 12/18	Godkjenning av investerings- og driftsbudsjett for 2019 og økonomiplan 2020-2021 for RNHI Vedtak i styret: Styret tar framlagt investerings- og driftsbudsjett for 2019 og økonomiplan for 2020-2021 til etterretning, og godkjenner at budsjett og notat vert lagt fram for Representantskapet. Budsjettet og økonomiplanen baserer seg på føresetnadar som låg til grunn ved styrehandsaming.

	<p>Styret sitt forslag til vedtak i Representantskapet: Representantskapet godkjenner framlagt investerings- og driftsbudsjett for 2019 og økonomiplan for 2020-2021.</p> <p>Samrøystes vedtak: Representantskapet godkjenner framlagt investerings- og driftsbudsjett for 2019 og økonomiplan for 2019-2021.</p>
Sak 13/18	<p>Val av styremedlem til RNHI 2019 – 2020 Etter selskapsavtalen sit styret to år om gongen. Sitjande styre vart oppnemnt for perioden 2017-2018. Det skal derfor veljast nytt styre. Alle styremedlemmene har stilt seg til disposisjon for ny periode.</p> <p>Valnemnda sitt framlegg til nytt styre for 2019-2020 er:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Håkon Matre, styreleiar • Torbjørn Nævdal, nestleiar • Rita Tveiten, styremedlem • Steinar Hunskaar, styremedlem • Solfrid Olsen Farestveit, styremedlem <p>Samrøystes vedtak: Representantskapet vel følgjande styre for 2019- 2020</p> <ul style="list-style-type: none"> • Håkon Matre, styreleiar • Torbjørn Nævdal, nestleiar • Rita Tveiten, styremedlem • Steinar Hunskaar, styremedlem • Solfrid Olsen Farestveit, styremedlem
Sak 14/18	<p>Fastsetjing av godtgjersle til styret Valnemnda føreslår at satsane for styrehonorar for 2019-2020 vert vidareført slik dei er i dag.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Styreleiar: kr 50 000 • Nestleiar og medlem: kr 25 000 <p>Dersom ein representant har delteke på mindre enn 50 % av styremøta, vert honoraret redusert til minimum 50 %. Reiseutgifter vert dekkja etter statens regulativ.</p> <p>Samrøystes vedtak: Satsane for styrehonorar 2019-2020 vert sett til:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Styreleiar: kr 50 000 • Nestleiar og medlem: kr 25 000 <p>Dersom ein representant har delteke på mindre enn 50 % av styremøta, vert honoraret redusert til minimum 50 %. Reiseutgifter vert dekkja etter statens regulativ.</p>

Frekhaug, 7. desember 2018



Per Lerøy
Nestleiar Representantskapet
Region Nordhordland Helsehus IKS



Nina Bognøy
Medlem Representantskapet
Region Nordhordland Helsehus IKS



Stian Herøy
Medlem Representantskapet
Region Nordhordland Helsehus IKS